



Saksframlegg

Søknad om dispensasjon for bygging av veg til Kviteflogvegen 37

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for plan og miljø		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovudutvalet for plan og miljø

Dokument i saka:

Vedlegg


- 1 Søknad om konsesjon.docx
- 2 tegning vei .pdf

Bakgrunn for saka:

Eigar av gbfnr. 17/1/3 Knut Olav Åsen søkar om dispensasjon til å etablere tilkomstveg til sin fritidsbustad over eigedomen gbnr. 17/1.

Vegen vil få ei lengde på om lag 45 meter og bredde ca. 2,5 meter. Føremålet med vegen er å sikre trygg og hensiktsmessig tilkomst til eksisterande fritidsbustad.

Eigedomen ligg innafør toppen av reguleringsplanen for Kjedingsteinen, området er i kommuneplanen sin arealdel avsett til LNF føremål.



Grunngevinga for tiltaket er som følgjer:

Dagens åtkomst er en enkel sti over blaut myr. Dette fører med seg utfordringar knytt til:

- transport av byggemateriale og utstyr
- vedlikehald av bygningar
- sikker åtkomst ved sjukdom eller beredskap
- generell bruk av eigendommen

Den planlagde traseen er valt for å gje minst mogleg terrenginngrep og redusere påverkinga på natur og landskap. Vegen vil i størst mogleg grad følge eksisterande terreng/formasjonar og bli opparbeidd med en enkel standard tilpassa fritidsbruk.

Tiltaket er nabovarsla, det føreligg ingen merknadar til søknaden.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Strategi for areal, klima og miljø

Då vegar er søknadspliktige etter plan- og bygningslova §20-1 pkt. 1, vil det bli naudsynt med dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen sin arealdel. Der det er krav om dispensasjon kan ikkje tiltaket gjennomførast for dette er søkt om og gitt, jfr pbl § 20-2.

Det ligg føre to vilkår for å kunne gje dispensasjon etter Plan og bygningslova (Pbl) § 19-2:

- Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak føresegner det dispenserast frå vert vesentleg tilsidesett.
- Fordelane ved å gje dispensasjon skal vere vesentleg større enn ulempene.

Om vilkåra for å kunne gje dispensasjon ligg føre, har søkjar likevel ikkje krav på dispensasjon. Då kan det gjevast dispensasjon.

Søknaden har ikkje vore til førehandsuttale til statsforvaltar eller fylkeskommune, da ein ser tiltaket som så lite at det ikkje rører ved deiers ansvarsområde.

Hytta ligg i areal avsett til LNF- føremål i kommuneplanen sin arealdel, det er ingen reguleringsplan for området. Det vart gitt dispensasjon for bygging av veg til to av nabohyttene i 2021, Åsen skal kople seg på denne vegen med ein liten avstikkar.



Det er gjort utsjekk mot Naturbase, Kilden-Nibio og kulturminnesøk.

Det ligg ikkje føre registreringar av kulturminne, raudliste artar eller anna dette tyder ikkje nødvendigvis at dei ikkje finst, men det har truleg ikkje vore undersøkingar i området. I Heiplanen, regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei, ligg området i sone bygdeutvikling. Dette er ei sone der villreinen sine interesser reknast som avklara og kommuneplanen sin arealdel er styrande for bruken av området.

I denne saka er det snakk om ein vegstubb på om lag 45 meter, vegen skal kople seg på ein veg det vart gitt dispensasjon til å bygge i 2021. Dette er den siste hytta i dette området som ikkje har veg.

Det er opplyst av vegen skal leggjast skånsamt i terrenget for å redusere skadeverknad. Vegen vil i liten grad påverke naboar i området. Det er ikkje markert ferdselsårer knytt til friluftsliv i området.

Tiltaket vil gjere tilgangen til hytta lettare sett med tanke på beredskap og tilsyn. Vegen kan også gje ein høgare bruksfrekvens på hytta.

Konklusjon:

Ein kan i dette tilfellet ikkje sjå at føremålet det dispenserast frå blir vesentleg tilsidesett. Tiltaket dreier seg om eit relativt lite inngrep. Fordelen ved tiltaket vil i denne saka vere betre tilgang med tanke på tilsyn og beredskap. Tiltaket fører ikkje til ulemper av nemneverdig grad.

Innstilling frå kommunedirektøren:

I medhald av Plan- og bygningslova § 19-2 blir det gjeve dispensasjon frå LNF føremålet i kommuneplanen sin arealdel, for etablering av veg som angitt i søknad. Vilråra for å kunne gje dispensasjon er tilstades, tiltaket går ikkje på bekostning av naturen eller ålmenta og betrar tilgangen til hytta i eit beredskapsomsyn.

Vegen må byggast skånsamt og skråningar dekkast til med toppmassane som takast av i traseen. Vegen må vere brei nok for uttrykingskøyretøy.

Etter Plan- og bygningslova § 21-9 1. ledd er vedtaket gyldig i 3 år frå vedtaksdato. Om tiltaket settast i gang men innstillast i meir enn 2 år, fell også tillatinga bort.

Det må søkjast byggjeløyve på vanleg måte, jfr. Pbl §20-1

Gebyr for søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel; kr 9 900,- sendast Knut Olav Åsen.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Mona Gundersen avdelingsingeniør